DEN NORSKE KIRKE
Bjørgvin bispedømmeråd

Kirkerådet, Mellomkirkelig råd, Samisk kirkeråd
Postboks 799 Sentrum

0106 OSLO

Dato: 11.04.2023 Vår ref: 19/03896-15 Deres ref:

## Godkjenning av eierskap i Kyrkjekultur Vest as

Bjørgvin bispedømmeråd og Bergen kirkelige fellesråd har vedtatt ønske om etablering av et aksjeselskap – Kyrkjekultur Vest AS. Med kunnskap om rDnk sitt økonomireglement §13: Oppfølging av Den norske kirkes eierandeler m.m, hvor det heter: *Eierskap i aksjeselskap eller andre selvstendige rettssubjekt skal godkjennes av Kirkemøtet, tillater vi oss å anmode om at Kirkerådet anbefaler at Kirkemøtet godkjenner at rDnk blir deleier i i det ideelle aksjeselskapet Kyrkjekultur Vest as.*

Forslag til saksframlegg:

I denne saken legges det fram forslag om at rDnk blir deleier i det nyetablerte ideelle aksjeselskapet *Kyrkjekultur Vest as*. Selskapet er en oppfølging av Kirkemøtets vedtak 11/18 Rapport og veivalg for Den Norske kirkes kunst og kultursatsning vedtakspunkt 8: *kirkelige kultursentra.*

Bjørgvin bispedømmeråd og Bergen kirkelige fellesråd har gått sammen om å etablere et kirkelig kultursenter på Vestlandet. Dette skjer 15 år etter at *Stiftelsen KULT – Senter for kunst kultur og kirke* ble etablert i Oslo i 2008, og etter etableringen av *Kirkemusikksenter Nord* i Bodø, hvis forløper ble etablert i 2003. Etableringen har fått økonomisk støtte fra Bergen kommune (utredningsstøtte) og er støttet av Kirkerådet med kr 550 000,- De folkevalgte rådene har begge vedtatt at en ønsker etablering.

Selskapets formål er:
Selskapets formål er å synliggjøre og styrke den kirkefaglige kulturkompetansen i hele bispedømmet, og å utvikle kirken som kulturaktør og kulturarena.

Hovedoppgavene er:
a. Være et nettverk for kompetansedeling.
b. Kirketurnérådgiver: videreformidle aktuelle produksjoner.
c. Etablere allianser og samarbeid mellom kirke, kulturliv og andre samfunnsaktører.
d. Være en ressurs for større utadrettede prosjekt i bispedømmet.
e. Initiere tiltak for kulturfaglig kompetanseutvikling i møtet med kunstnere og menigheter.
f. Bidra til nye opplæringstilbud f.eks. kirkelige kulturskoletilbud.

Postadresse: Postboks 1960 5817 BERGEN
E-post: bjoergvin.bdr@kyrkja.no
Web: http://kyrkja.no/bjorgvin
Org.nr.:818066872
Telefon: +47 55 30 64 70
Telefaks:
Saksbehandler
Ragna Sofie Grung Moe

Saken legges fram for Kirkemøtet med bakgrunn i rDnk sitt økonomireglement §13 Oppfølging av Den norske kirkes eierandeler m.m, hvor det heter: *Eierskap i aksjeselskap eller andre selvstendige rettssubjekt skal godkjennes av Kirkemøtet.*

### Risikovurdering

For eierne er det vurdert tre momenter

1. Økonomisk risiko
   Eierne hefter juridisk til innskutt aksjekapital. Aksjekapitalen for rDnk utgjør kr 25 000,- og er finansiert gjennom tildelt etableringsstøtte fra Bjørgvin bispedømmeråd. Utreder vurderer den økonomiske risikoen for lav, sett opp mot potensiell gevinst av selskapets aktivitet og ringvirkninger.

2. Omdømme risiko
   Selskapet må styres etter en høy etisk standard og følge de lover og regler som gjelder for aksjeselskap, og som er i tråd med Dnk verdigrunnlag. Selskapets ledere og styrende organer, må forstå og ta konsekvensen av, at selskapet står i et omdømmefellesskap med Dnk. Utreder vurderer at risikoen for at selskapet *Kyrkjekultur Vest as* påfører Dnk omdømmetap er lav. Det er heller sannsynlig at selskapet kan bidra til omdømmegevinst for Dnk.

3. Vurdering av behov og organisering
   Er det slik at opprettelsen av selskapet svarer på et behov Dnk har jf. sin virksomhetssatsning? Det korte svaret på dette er ja. Vi viser her til vedtak i sak 11/18 hvor det oppfordres til etablering av regionale kultursentra. Det er vurdert om dette behovet kan løses in-house uten å opprette et selvstendig rettssubjekt. Det er tre hovedmomenter som gjør at en har landet på modellen med eget rettssubjekt.
   a. Eget rettssubjekt styrker mulighetene for ekstern finansiering. Et eget rettssubjekt har tilgang til andre finansieringskilder enn Dnk.
   b. Aksjeselskap sikrer likebehandling av eiere, AS er regulert og transparent i et offentlig regulert lovverk.
   c. Eget rettssubjekt legger til rette for flere eiere, f.eks. alle fellesrådene i Bispedømmet.

I prosessen er det vurdert andre selskapsformer/rettssubjekt enn aksjeselskap. Det ble brukt mest tid på selskapsformene stiftelse, forening og aksjeselskap.

Generalforsamlingen i aksjeselskapet oppnevner styre, vedtar styreinstruks samt selskapets vedtekter, og ellers det som aksjeloven krever.

## Forslag til vedtak

1. Kirkemøtet gir direktøren fullmakt til, i samarbeid med Bergen kirkelige fellesråd, registrere selskapet Kyrkjekultur Vest as i foretaksregisteret med en aksjekapital på 50 000,- hvorav rDnk sin eierandel er 49 %.

2. Kirkemøtet ber Kirkerådets direktør, eller den direktøren utnevner, å representere rDnk på Kyrkjekultur Vest as sine generalforsamlinger.

3. rDnk, eller det organ som bestiller forvaltningsrevisjonsrapporter i rDnk, kan gjennomføre forvaltningsrevisjon av selskapet dersom rDnk vurderer dette som hensiktsmessig.

Med vennlig hilsen
For arbeidsgruppen

Ragna Sofie Grung Moe
seniorrådgiver
Skriv inn leders tittel

Lars Kristian Stendahl Gjervik
Sjef avd. kirkeliv, kultur og diakoni, BKF

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.*

Kopi til:

| | | |
|---|---|---|
| Bjørgvin bispedømmeråd, Jan Ove Fjelltveit | Postboks 1960 | 5817 BERGEN |
| Bergen kirkelige fellesråd | Marken 34 | 5017 BERGEN |
| Bergen kirkelige fellesråd, Lars Kristian Stendahl Gjervik | Marken 34 | 5017 BERGEN |

Mottakere:

| | | |
|---|---|---|
| Kirkerådet, Mellomkirkelig råd, Samisk kirkeråd | Postboks 799 Sentrum | 0106 OSLO |
| Kirkerådet, Mellomkirkelig råd, Samisk kirkeråd, Ingrid Vad Nilsen | Postboks 799 Sentrum | 0106 Oslo |

# KYRKJEKULTUR VEST – STIFTINGSDOKUMENT

## § 1 Føretaksnamn

Selskapet sitt føretaksnamn er Kyrkjekultur Vest AS. Selskapet er eit ideelt aksjeselskap.

## § 2 Forretningskontor

Selskapet skal ha forretningskontor i Bergen kommune.

## § 3 Verksemd

Kyrkjekultur Vest AS vert stifta av Bjørgvin bispedøme og Bergen kirkelige fellesråd, og vil invitere med fleire eigarar, t.d. fleire fellesråd og andre kultur aktørar i heile bispedømet.

Kyrkjekultur Vest AS har som formål å synleggjere og styrke den kyrkjelege kulturkompetansen i heile bispedøme, og å utvikle kyrkja som kulturaktør og kulturarena.

Hovudoppgåvene er:

1. Vere eit nettverk for kompetansedeling
2. Kyrkjeturnérådgjevar: Vidareformidle aktuelle produksjonar
3. Etablere alliansar og samarbeid mellom kyrkje, kulturliv og andre samfunnsaktørar
4. Vere ein ressurs for større utoverretta prosjekt i bispedømet
5. Initiere tiltak for kulturfagleg kompetanseheving i møte mellom kunstnarar og kyrkjelydar
6. Bidra til nye opplæringstilbod t.d. kyrkjelege kulturskuletilbod

Selskapet har ikkje til formål å sikre eigarane økonomisk vinst.

Dersom selskapet vert oppløyst, skal eit eventuelt overskot og formue tilbakeførast til eigarane.

## § 4 Aksjekapital

Selskapet sin aksjekapital er NOK 50 000,- fordelt på 100 aksjar pålydande NOK 500,- kvar. Aksjane er ved etablering likt fordelt mellom stiftarane.

MS JO

§ 7 Overdraging av aksjar

Overdraging av aksjar skal godkjennast av generalforsamlinga. Aksjane skal bli overdregne med pålydande aksjeverdi.

§ 5 Leiing

1. Styret består av fem medlemmar med to numeriske vararepresentantar. Éin vararepresentant møter fast i styremøta. Ein av dei fem styrerepresentantane blir utnemnt blant kyrkjemusikarane i Bjørgvin. Medlemmar av styret blir utnemnt for ein periode på to år.

2. Selskapet skal ikkje sjølv ha tilsette. Dagleg leiar vert tilsett og får kontorplass hjå ein av eigarane. Den tilsette skal ha god kjennskap til kyrkja sitt verdigrunnlag og til arbeid med kultur i kyrkja.

3. Styret vel sjølv sin nestleiar
   Styret inkl. vara, skal streva etter kjønnsbalanse.

4. Etter innstilling frå styret vel generalforsamlinga ein valkomité på tre medlemmar frå eigarane. Generalforsamlinga utnemner leiar av valkomiteen. Valkomiteen blir utnemnt for to år av gongen.

§ 6 Generalforsamling

Den ordinære generalforsamlinga skal handsame:

1 Årsrekneskap og årsmelding
2 Val av styre og styreleiar
3 Godkjenning av nye eigarar
4 Saker som er melde inn frå eigarane innan tre veker før generalforsamlinga

§ 8 Forholdet til aksjelova

Selskapet rettar seg etter den til kvar tid gjeldande aksjelov.

Bergen 15.11. 2022

Jan Ove Fjelltveit
Bjørgvin bispedømeråd

Mette Svanes kyrkjeverje
Bergen kirkelige fellesråd

25.08.2022

# KYRKJELEG KULTURSENTER VEST

## 1. Bakgrunn

Dei folkevalde råda Bergen domkirke menighetsråd, Bergen kirkelige fellesråd og Bjørgvin bispedømeråd oppnemnte i april 2020 ei arbeidsgruppe som har greidd ut behovet og potensialet for etablering av eit «Kyrkjeleg kultursenter vest».
Arbeidsgruppa har hatt ein folkevald og ein tilsett frå kvar av dei tre organa som medlemer.
Gruppa legg her fram si tilråding for oppdragsgjevarane.

Kyrkjerådet utlyste våren 2022 tilskotsmidlar, i alt kr 700 000, i etableringsstøtte til kyrkjelege kultursenter, med søknadsfrist 20. mai. På vegne av sine oppdragsgjevarar, med tydeleg atterhald om manglande vedtak om oppretting, søkte arbeidsgruppa om etableringsbidrag på kr 600 000.

Kyrkjeleg kultursenter vest fekk tildelt kr 550 000 i etableringsstøtte med desse vilkåra:

> *«Kirkelig kultursenter Vest tildeles kr. 550.000 under forutsetning av at:*
> - *det gjøres nødvendige vedtak høsten 2022 om opprettelse av senteret.*
> - *virksomhetsbeskrivelsen tydeliggjør relasjonen til ansvarsområdene som er gitt bispedømmets kulturrådgiver.*
> - *senterets profil blir i tråd med det presenterte ønsket fra kirkemusikerne i bispedømmet.*
>
> *Kirkerådet kommer tilbake med informasjon om utbetaling av midlene når vi har mottatt informasjon om at det er gjort vedtak om å opprette Kirkelig kultursenter Vest med tydeliggjøring av virksomhetens relasjon til kulturrådgivers ansvarsområde og en spisset profil for senteret.»*

## 2. Arbeidsgruppa si tilråding:

| |
|---|
| *KYRKJELEG KULTURSENTER VEST*<br>*skape – dele – inspirere* |

### Kva kan eit kyrkjeleg kultursenter væra?

Kyrkjeleg kultursenter vest kan væra eit nettverk av kompetanse, enkeltmenneske og miljø på Vestlandet, med eit felles ønskje om at kulturlivet må bløme i den lokale kyrkja og at Den norske kyrkja framstår som ein attraktiv og profesjonell aktør innan norsk kulturliv.

Med bakgrunn i landsdelen sine historiske røter i «arven frå vest», internasjonalt samspel mellom nasjonar, mellom by og bygd, det folkelege og det faglege, friviljuge og profesjonelle, skal senteret utvikle ein særskilt metode for mangfald til nytte og inspirasjon for kyrkja nasjonalt.
Nettverket er knytt til bispedømet si kulturrådgjevarstilling og fagkompetansen som ligg i kyrkjemusikarkollegiet.

Mål [1]

«Kunst- og kulturuttrykk skal vere ein vital del av den lokale kyrkja ved å:

a. la kunst- og kulturuttrykk vide ut forkynninga og opne opp eit rom for tru
b. fremje kyrkja sitt eige arbeid med kyrkjemusikk, kunst og kultur
c. utvikle samarbeidet mellom kyrkja og det lokale kunst- og kulturlivet»

Korleis kan vi me arbeida?

1. Byggje nettverk, alliansar og samarbeid mellom kyrkje, kulturliv og andre samfunnsaktørar
2. Initiere tiltak for fagleg utvikling i samarbeid med kunstnarar og kyrkjelydar
3. Formidle kompetanse knytt til kyrkja sitt kulturengasjement til kyrkjelydar og kunst- og kulturmiljø, gjennom seminar, workshops, litteratur, føredrag osv.
4. Skape dialog mellom kunstnarar, kulturarbeidarar, leiarar og fagmiljø
5. Vere ein ressurs for større utoverretta prosjekt/festivalar i bispedømet
6. Andre aktuelle oppgåve kan vera:
   - Etablere nettverk av kyrkjelege kulturskuletilbod
   - Rådgjevartenester: utstyr, lys, lyd, instrument i kyrkjer, samt oversyn over tilgjengeleg utstyr i kyrkjene
   - Distribuere tilbod om aktuelle konserter/aktørar for kyrkjeturne, t.d. sceneproduksjonar, kyrkjekor, kunstnarar, musikarar.

Selskapsform/ organisasjonsform, styring og oppstart

Kyrkjeleg kultursenter vest vert organisert som eit idéelt aksjeselskap med rom for fleire eigarar, t.d. fellesråd og ymse kyrkjekulturelle verksemder. Grunneigarane forpliktar seg ved etablering av aksjeselskapet til å bidra med personell/kulturfaglege ressursar etter evne, (t.d. kulturrådgjevar, kulturleiar, kantorar), kontorfasilitetar, administrativ bistand og økonomisk bidrag. Selskapet skal ikkje sjølv ha tilsette. Dagleg leiar vert tilsett og får kontorplass hjå ein av eigarane. Den tilsette skal ha god kjennskap til kyrkja sitt verdigrunnlag og til arbeid med kultur i kyrkja.

Generalforsamlinga skal, saman med ein representant for kyrkjemusikarane i bispedømet og kulturrådgjevar ved bispedømekontoret, oppnemne eit styre innan 20.10.2022.

Styret for senteret bør ikkje representere institusjonar, men bestå av enkeltpersonar med fagleg engasjement, tyngd og erfaring frå kyrkje-musikk, -kunst og -kultur, publikumsutvikling m.m. Kyrkjemusikarane i bispedømet skal ha ein representant i styret.

Bergen domkirke menighet, Bergen kirkelige fellesråd og Bjørgvin bispedøme bidreg kvar med driftsmidlar på 100 000 kr kvart år i etableringsåra 2023-2025. Bjørgvin bispedøme bidreg i tillegg permanent med 20 % kulturrådgjevarressurs.

Framlegg til vedtak:

Bjørgvin bispedøme, Bergen kirkelige fellesråd og Bergen domkirke menighet

1. xx. Takkar arbeidsgruppa for saksutgreiinga og sluttar seg til arbeidsgruppa sine tilrådingar.
2. xx. Vedtek å etablera Kyrkeleg kultursenter vest som Ideelt aksjeselskap.
3. xx. Oppnemner Kyrkjeverje, Biskop i Bjørgvin, (ein person frå kvar verksemd) til å utgjere generalforsamling for Kyrkjeleg kultursenter vest, på vegne av råda.

---

[1] Bjørgvin bispedøme sin strategi 2021-2024

## 3. Saksorientering frå arbeidsgruppa.

*Arbeidsgruppa har bestått av:*
*Ragna Sofie Grung Moe – Seniorrådgjevar kultur, Bjørgvin bispedømekontor*
*Karl Johan Kirkebø – Folkevald, Bjørgvin bispedømeråd*
*Marit Jørstad – Daglig leder Domkirken menighet*
*Gunnar Wik – Folkevald Domkirken menighetsråd*
*Therese Nesse Mokkelbost – folkevald Bergen kirkelige fellesråd*
*Lars Kristian Stendahl Gjervik – Sjef menighetsavdelingen BKF.*

*Kyrkjemusikarane i Bjørgvin bispedøme oppnemnde i oktober 2020 kantor Tonje Eriksen til sin representant i arbeidsgruppa. Kantor Gerda Otterstein tok over vervet i januar 2022.*
*Arbeidsgruppa konstituerte seg sjølv og valde Karl Johan Kirkebø som sin leiar.*

**MANDAT**
Grei ut spørsmåla:

a. Er det behov for eit Kyrkjeleg kultursenter vest?
b. Korleis kan eit kyrkjeleg kultursenter styrke kyrkja sitt indre liv og kyrkja som kulturaktør i samfunnet?

**BEHOV**
Det er gjort eit grundig arbeid med å kartleggje behov, innhald og profil for eit kultursenter og utkast til innhald har vore drøfta på følgjande møtestadar:

*Innspillsmøte ifm med Fagdagar for kyrkjemusikarar i Bjørgvin bispedømme*
*26. september 2019 – St Jakob kirke*

- Hva må til for å sikre engasjement og begeistring for Den norske kirke?
- Hvordan kan musikk, kunst og kultur brukes aktivt for å oppnå dette?
- Hvilken rolle har du i dette?
- Hvilke ressurser ville du trenge for å bli en bedre kulturarbeider i kirken?
- Trenger vi et regionalt kultursenter på Vestlandet?
- Bør et ressurssenter ta opp i seg alle deler/hele kirkemusikk/kulturfeltet eller bør man satse genrespesifikt?

Innledning ved styreledere fra hhv Kirkemusikksenter Nord, Øivind Mikalsen og Senter for Kunst, kultur og kirke, Hans-Olav Baden.

*Teamsmøte med kyrkjemusikarar i Bjørgvin bispedøme 25. mars 2021*
Kyrkjemusikkutvalet i Bjørgvin bispedøme og stiftsdirektøren inviterte alle kyrkjemusikarar i Bjørgvin bispedøme til møte på Teams for å presentere framlegg til ny strategi for bispedømet, samt planar for eit Kyrkjeleg kultursenter vest. Alle fekk tilsendt spørjeundersøking i etterkant. Resultatet frå denne spørjeundersøkinga ligg vedlagt.

*16. – 18. november 2021 – Stiftsmøte Bjørgvin bispedøme - Bergen*
Planane for eit kyrkjeleg kultursenter vest var del av ein kulturpresentasjon for alle prestar tilsett i Bjørgvin bispedøme

Arbeidsgruppa har vidare invitert til ulike høyrings/forankringsmøte med desse tema:
KYRKJELEG KULTURSENTER VEST

- Noko for oss?
- Korleis kan vi styrke kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar?

- Korleis kan kunst - og kulturuttrykk verte ein vital del av den lokale kyrkja?
    - la kunst- og kulturuttrykk vide ut forkynninga og opne opp eit rom for tru
    - fremje kyrkja sitt eige arbeid på kyrkjemusikk, kunst og kultur
    - utvikle samarbeidet mellom kyrkja og det lokale kunst- og kulturlivet.

  (Frå bispedømet sin strategi 2021-2024)

*Førde 2. desember 2021*
*Møte med representantar for sokneråd, fellesråd og kyrkjeleg tilsette i Sunnfjord prosti*
Kva kulturressursar kan de bidra med inn i kompetansenettverket, og kva ressursar har de mindre av, men kunne ønske påfyll av.

*Øygarden Fellesråd 17.2 - Straume*
Fellesmøte for kyrkjeleg tilsette.

*Bergen 8. mars – Leiarmøte for alle kyrkjeverjer og prostar i Bjørgvin bispedøme*

Hovudpunkt frå møte og spørjeundersøkingar
Kyrkja i Bjørgvin
- ønskjer meir kunnskap, kompetanse og tilrettelegging på kunst- og kulturfeltet, slik at det blir enklare å prioritere dette lokalt.
- ønskjer at eit kultursenter må styrke og gjere gudstenesteliv og salmesong, diakoni og undervisning rikare.
- ønskjer at kultursenteret må nytte og sjå ressursar lokalt, både tilsette og friviljuge
- ønskjer at kultursenteret skal bidra til at Bjørgvin bispedøme sin kyrkjekulturelle identitet vert styrka

Prioriterte ønskje frå spørjeundersøkinga blant kyrkjemusikarane:
Vi ønskjer at nettverket må:
- byggje nettverk, alliansar og samarbeid mellom kyrkje, kulturliv og andre samfunnsaktørar.
- initiere tiltak for fagleg utvikling i samarbeid med kunstnarar og kyrkjelydar
- formidle kompetanse knytta til kyrkja sitt kulturengasjement til kyrkjelydar og kunst- og kulturmiljø gjennom seminar, workshops, litteratur, føredrag osv.
- skape dialog mellom kunstnarar, kulturarbeidarar, leiarar og fagmiljø.

*Mogelege samarbeidspartnarar*
Som vedlegg ligg stadfesting/kommentar vedr mogeleg framtidig samarbeid frå:
Vestland teater, Kirkekunstsamlingen, Universitetsmuseet, Selje Regionale pilegrimssenter, Mellomalderklyngen ved UiB, Borealis festival, skodespelar Ragnhild Margrete Gudbrandsen, Bergen regionale pilegrimssenter.

**EIGARSKAP**
Eigarane er Bjørgvin bispedøme, Bergen kirkelige fellesråd og Bergen domkirke menighetsråd, og andre kyrkjelege fellesråd/sokn som ønskjer å etablere ein tenleg struktur for framtidig samarbeid. Andre aktuelle deleigarar kan vere turnéprodusentar, kyrkjeakademi, Bergen kirkeautunnale, Kirkesangforbundet, Ung kirkesang, Teater Vestland m.m. Deleigarane vil få særskilt tilgang til tenester og kompetanseutvikling (ref. Norsk Publikumsutvikling)

## SELSKAPSFORM/ORGANISASJONSFORM
Kvifor ideelt aksjeselskap?
Eit ideelt aksjeselskap må i vedtektene setja som mål å ivareta eit bestemt formål utan at det skal gå på kostnad av aksjelova sine krav til sunn forretningsdrift. Formålet for kultursenteret er ikkje-kommersielt, og av kulturell, sosial og miljømessig art. Det vil ikkje bli tatt utbytte i selskapet. Det er

ikkje ein medlemsorganisasjon, der medlemmar kunne tatt over styringa av drifta. Eit ideelt aksjeselskap sikrar drifta fordi eigarane sjølve tar avgjerslene. Slik vert kjerneverdiane i Kyrkjeleg kultursenter vest og eigarane Bergen kirkelige fellesråd, Bergen domkirke menighetsråd og Bjørgvin bispedømeråd og komande deleigarar sine interesser tatt vare på. Intensjonen er å etablera ei slank og effektiv verksemd, med eit minimum av driftskostnadar; spele på lag med, og nytte ressursane hjå eigarane og sjå resultat og vekst «i felt». Eit ideelt aksjeselskap står òg friare enn rettssubjektet Den norske kyrkje til å søkje støtte frå t.d. Norsk kulturråd, støtte til prosjekt frå det offentlege og relevante fond og legat. Eit ideelt aksjeselskap gir mindre økonomisk risiko for den enkelte eigar og har eigne reglar knytt til skatt og moms som er gunstige for å nå formålet.

Ved val av ideelt aksjeselskap er aksjelova førande for styringsstrukturen
Generalforsamlinga har ein representant frå kvar hovudeigar og etter kvart ein felles representant for dei mindre eigarane, samt ein representant for kantorane i bispedømet.

Generalforsamlinga skal, saman med ein representant for kyrkjemusikarane i bispedømet og kulturrådgjevar ved bispedømekontoret, oppnemne eit styre på seks personar innan 20.10.2022.

Kyrkjeleg kultursenter vest skal ha eit profesjonelt styre med erfaring/kompetanse innan t.d.:
kyrkjemusikk – kultur – kunst
Scenekunst
Liturgi/teologi
Kyrkjehistorie
Musikk/Kulturproduksjon
Prosjektutvikling

Ref: Styret for Grieg07

Det vert tilsett ein dagleg leiar i 100%. Leiaren drar vekslar på og samarbeider tett med bispedømet sin kulturrådgjevar og kunst -, musikk,- og kulturkompetanse hjå dei andre eigarane. Leiar er ansvarleg for at det vert etablert ein langsiktig og berekraftig økonomi for kultursenteret. Leiar skal, med grunnlag i innmelde behov og ønskjer frå fellesråd og sokn, og andre samarbeidsrelasjonar, etablera samarbeid med kulturfeltet, utvikla ein tydeleg profil for senteret (inkludert nettsider) og invitere til kurs, føredrag, workshop og kunstfaglege program. Kyrkjeleg kultursenter vest har base i Bergen, men skal først og fremst vere ein samarbeidspartner og ein profesjonell ressurs for heile Bjørgvin bispedøme/Vestland fylke.

Økonomi - Finansiering (sjå vedlegg)
Budsjett og finansieringsplan syner ei oppbygging av budsjettvolumet frå om lag 650 000 i 2022 til ei årleg ramme på om lag 1 400 000 i 2025.

**PROFIL OG INNHOLD**

Kyrkjeleg kultursenter vest skal ha «lause teltpluggar», vere ambulerande «fødselshjelpar» for møte mellom soknet/lokalkyrkja og bispedømet sine strategiar og ønskje, med særskilt vekt på kyrkjemusikarane si rolle i dette samspelet.

Kyrkjeleg kultursenter vest skal foredla og synleggjere landsdelen sin kulturelle identitet med Arven frå vest, samspel mellom det folkelege og det faglege, profesjonelle og friviljuge aktørar innan alle kunstformer.

Saman med den kyrkjelege kulturkompetanse som finst i heile bispedømet vil nettverket syta for at kyrkjemusikk – kunst og kultur gjer kyrkja til ein attraktiv kjelde til glede for menneske i alle aldrar, frå alle miljø.

**Relasjon til kulturrådgjevaren i bispedømet**
Kyrkjerådet er tydeleg på etableringa må leggjast tett inntil oppdraget for kulturrådgjevaren i bispedøme. Arbeidsgruppa skreiv dette om relasjonen til bispedømet i søknaden til kyrkjerådet:

«Bjørgvin bispedømme er ein av dei tre hovudeigarane av Kyrkjeleg Kultursenter Vest. Dei innvilga prosjektutviklingsstøtte på kr 200 000 i 2021.
Kultursenteret sitt hovudmål er identisk med bispedømet sin strategi for 2021-2025, punkt 4:
Kunst- og kulturuttrykk skal vera ein vital del av den lokale kyrkja ved å

a. *la kunst- og kulturuttrykk vide ut forkynninga og opne opp eit rom for tru*
b. *fremje kyrkja sitt eige arbeid på kyrkjemusikk, kunst og kultur*
c. *utvikle samarbeidet mellom kyrkja og det lokale kunst- og kulturlivet*

Bispedømet vil vidare at kultursenteret skal

a. *sikra meir og betre kultur i kyrkja, og meir kyrkje i kulturen.*
b. *Auka kunnskap, kompetanse og formidlingsevne på kulturfeltet.*
c. *Byggja på det unike, uortodokse og frodige vestlandske «lynne».*
d. *Sikre både tradisjon og fornying for kyrkja sitt kunst-, kultur- og musikkliv for slik å utvide og berike rommet for tru.*
e. *Å vera ein ressursbank, kompetansebase og produsenteining for kyrkjelege musikk- og kulturarrangement.*
f. *Utvikla innhald, i dialog med kulturfeltet, som involverer og engasjerer både barn, unge og den eldre del av befolkningen.*
g. *Aktivera og aktualisera vår religiøse kulturarv, med særskilt fokus på kyrkjemusikk, kyrkjekunst og kyrkjearkitektur.*
h. *•Vere ein aktiv bidragsytar til utvikling av pilegrimsfeltet i bispedømet*

Kyrkjeleg kultursenter vest skal ha sin base i Den norske kyrkje, men finne sin identitet i dialog med andre tros- og livssyns- aktørar, samt ulike kunstnarlege genre og uttrykk.

Kyrkjeleg kultursenter vest skal styrke bispedømet si satsing på kultur og auke kapasitet på feltet. Kultursenteret verksemd skal komplettere kulturrådgjevaren sitt arbeidsfelt og sjølv kunne bistå som produsent når det er ønskje om det.
Dette står ikkje i motsetnad til bispedømet sin kulturrådgjevar, som definerer seg som «kyrkjekulturelle fødselshjelpar», i hovudsak ein som skal stimulere, styrkje og framelske det som skjer ute i «felt».

Frå etableringa av kulturrådgjevarstillingene i Den norske kyrkja i 2019, har målsettinga vore å:

a. *inspirere til økt kulturvirksomhet i et samspill mellom ulike kulturaktører fra det brede kulturliv,*
b. *koordinere aktiviteter,*
c. *bygge den kirkelig kulturkompetansen,*
d. *koordinere og videreformidle kompetanse fra de ulike kirkelige kulturfestivaler slik at kulturlivet får blomstre i lokalmenighetene, og Den norske kirke fremstår som en attraktiv og profesjonell aktør innen norsk kulturliv.*

Kyrkjeleg kultursenter vest er forankra i denne arbeidsmetoden/visjonen, og vil kunne svare på og møte eit aukande behov for kunnskap og inspirasjon frå ei meir kulturbevisst og kulturglad kyrkje.»

| Kyrkjemusikarane sitt syn på KKV | Antall | | | | | N |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 1. pri | 2. pri | 3. pri | 4.pri | 5. pri | |
| Skape dialog mellom kunstnarar, kulturarbeidarar, leiarar og fagmiljø. | 2 | 1 | 4 | 0 | 2 | 9 |
| Bidra til gjennomføring av grensesprengande og kompetansebyggande prosjekt | 1 | 2 | 0 | 0 | 0 | 3 |
| Legge til rette for samtida sine kunstuttrykk i kyrkjene. | 0 | 3 | 1 | 3 | 3 | 10 |
| Initiere tiltak for fagleg utvikling i samarbeid med kunstnarar og kyrkjelydar | 5 | 0 | 2 | 1 | 2 | 10 |
| Arbeide for å bidra til kyrkjeleg nærvær på store nasjonale festivalar og liknande. | 1 | 1 | 1 | 0 | 0 | 3 |
| Ta ansvar for større utadvende prosjekt. | 0 | 0 | 1 | 0 | 0 | 1 |
| Bygge nettverk, alliansar og samarbeid mellom kyrkje, kulturliv og andre samfunnsaktørar. | 5 | 2 | 1 | 2 | 2 | 12 |
| Hjelpe kyrkjelydar som vil bruke kunst og kulturaktivitetar i trusopplæringsarbeidet. | 1 | 0 | 1 | 3 | 1 | 6 |
| Formidle kompetanse knytta til kyrkja sitt kulturengasjement til kyrkjelydar og kunst- og kulturmiljø gjennom seminar, workshops, litteratur, føredrag osv. | 2 | 3 | 2 | 2 | 0 | 9 |
| Tilby kyrkjelydar opplæring i arrangørarbeid og søknadsskriving | 1 | 0 | 0 | 2 | 1 | 4 |
| Gje råd til instansar i kyrkje og kulturliv. | 0 | 1 | 0 | 0 | 1 | 2 |
| Vere rådgjevar/samarbeidspartnar for programutviklarar i festivalar og liknande. | 0 | 0 | 2 | 0 | 0 | 2 |
| Samordne satsing og initiativ på feltet. | 2 | 1 | 0 | 1 | 0 | 4 |
| Vere koordinator av ei rådgjevingsteneste for kyrkja sine beslutningsorgan og for kulturinstitusjonar og -miljø. | 0 | 1 | 0 | 0 | 1 | 2 |
| Sikre flyt av idéar og repertoarforslag. | 1 | 2 | 1 | 1 | 0 | 5 |
| Bidra til at mange får glede og nytte av investeringar i produksjonar, prosjekt og liknande (mange framføringar av gode produksjonar m.m.) | 0 | 1 | 2 | 2 | 2 | 7 |
| Inngå avtalar med organisasjonar, institusjonar og nettverk som arbeider med produksjon og formidling av kunstuttrykk i kulturlivet, slik at kyrkjelydar, organisasjonar, institusjonar og andre kulturscener får tilgang til kvalitetsproduksjonar til ok p... | 0 | 0 | 0 | 1 | 3 | 4 |
| Distribuere informasjon om virksemd innan kyrkjekultur-feltet. | 0 | 2 | 2 | 0 | 0 | 4 |
| Promotere kyrkje-kulturfeltet overfor kyrkje og allment kulturliv. | 2 | 1 | 1 | 1 | 0 | 5 |
| Sørge for informasjonsflyt mellom kyrkje og allment kulturliv. | 1 | 0 | 1 | 1 | 2 | 5 |
| Bidra til at kyrkja i Norge, gjennom kulturengasjement, er ein del av kyrkja internasjonalt | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Etablere internasjonale kontaktar som verksemda i Norge kan ha nytte av. | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Formidle impulsar frå internasjonalt kyrkje-kulturarbeid.** | 0 | 1 | 1 | 2 | 0 | 4 |
| **Vere pådrivar for norsk deltaking i internasjonale samarbeidsprogram.** | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 1 |
| **Synleggjere korleis kyrkja i Norge utfører sitt kulturengasjement i internasjonale fora.** | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

***BABETTES GJESTEBOD***

I 2018 og 2019 hadde Det Vestnorske Teateret turnear med teaterframsyninga «Babettes gjestebod». Vi ønska oss å spele denne framsyninga i kyrkjene fordi vi meinte desse kyrkjeromma ga ei særleg eigna ramme for å samlast om beretninga om Babette, som etter å ha vore prisgjeve andre si barmhjertigheit etter eit langt liv på flukt, får høve til å gje tilbake.

*Babette vinn i det store lotteriet og i staden for å gripe sjansen til å få eit liv i fridom og komfort, legg ho alle sine ressursar i å gje. Gjennom sin matkunst, sin dedikasjon og dei midlane som uventa tilkjem henne, steller ho i stand eit gjestebod som overgår all fantasi. Hennar løn er gjestane si nyting og forløysing. Det å gjere det gode for kvarandre og gje av dei gåvene ein har oppsummerar hennar oppleving av meining i livet.*

Teateret tok kontakt med Bjørgvin bispedømme våren 2018 og vi fekk til eit samarbeid om å kontakte kyrkjene i Vestland. Vi sendte ut informasjon om korleis vi tenkte samarbeidet kunne arte seg mht økonomisk modell, vertskap, billettsal og marknadsføring. Det var mange interesserte kyrkjelydar og vi fekk planlagt ein turné.

Det vart gode framsyningar i ulike kyrkjerom, der det også var ulike omsyn å ta, alt etter korleis kyrkjene var utforma og kor mange plassar vi burde selge slik at alle kunne sjå godt. Vi reiste ut på førehand eller fekk tilsendt bilete slik at vi kunne førebu. Vi jobba tett opp mot arrangørane i kyrkjene og hjalp til med marknadsføring og pressearbeid. Det var ulik respons frå stad til stad, men turneane var i det store og heile godt besøkt. Enkelte stader hadde arrangørane i kyrkjene stelt i stand eit måltid for både skodespelar/teknikar og publikum. Det var særs hyggeleg!

Teateret er opne for nye samarbeid med kyrkja i framtida, og viser her til god erfaring med at det har vore vellukka.

13.05.2022

Irene Smørdal
Kommunikasjonssjef
DET VESTNORSKE TEATERET

# UNIVERSITETET I BERGEN

*Universitetsmuseet i Bergen, Avdeling for kulturhistorie*

To whom it may concern

Bergen, 19 May 2022

The University Museum of Bergen is the successor to Bergens Museum, that was established in 1825 by Wilhelm Frimann Koren Christie in order to study and exhibit the cultural and natural history of (western) Norway. Church art has been at the core of the museum's attention, and the Kyrkjekunstsamlinga at the University of Bergen has grown to be one of the most outstanding in Europe.

Since the arrival of the undersigned, Prof. Justin Kroesen, in 2016, the University Museum of Bergen has collaborated tightly with Bjørgvin bispedøme, for example in the framework of the celebration of 500 years Reformation (Reformasjonsjubileet) in the year 2017 and the St Sunniva festival in 2020.

With a view to the future development of the Kyrkjeleg kultursenter vest, we hereby gladly declare the intention on the part of the leadership of the Kyrkjekunstsamlinga at the University Museum of Bergen to continue and intensify our mutual collaboration with Bjørgvin bispedøme in the near future.

With kind regards,

Prof. Dr Justin E. A. Kroesen
University Museum of Bergen
PO Box 7800
5020 Bergen
NORWAY

Pilegrimssenter Selje

Nordfjordeid, 19. mai 2022

# Etablering av Kyrkjeleg kultursenter vest

Selje regionale pilegrimssenter er lokalisert i Selje i Stad kommune.

Selje regionale pilegrimssenter vart etablert i mars 2020 som eitt av dei 4 kystpilegrimssentera langs kysten frå Egersund i sør til Trondheim i nord.  Kystpilegrimsleia vart etablert i 2018.

Formål:

Vi skal gjere kystpilegrimsleia gjennom Sogn og Fjordane til eit aktuelt mål for pilegrimsvandringa på St. Olavsvegane til Trondheim.

For å nå dette målet, skal vi vektlegge følgjande satsingsområde for den nasjonale pilegrimssatsinga:

- Miljø, gjennom å formidle kjennskap til og ivaretaking av den natur og det landskap som pregar områda leia går gjennom.
- Næring, gjennom å legge til rette for og arbeide for at det blir skapt tilbod langs leia som gjer vandring mogleg, slik som stader å overnatte og ete, tilbod om gruppevandringar m.m.
- Kyrkje, gjennom å bidra til at kristen tru og tradisjon framleis skal vere viktige kjelder for menneska sin identitet og det å høyre til.
- Kultur, gjennom å formidle historie og kulturminne som har forma og prega det landskapet leia går gjennom.

Vi har frå etableringa erfaringar frå tett samarbeid med Bjørgvin bispedøme, inkl. Sunnivaseglas og Meir Himmel på fjord, m.m.

Ut ifrå intensjonen med etableringa Kyrkjeleg kultursenter vest, kan vi stadfeste at Selje regionale pilegrimssenter gjerne ser for seg samarbeid i framtida.

Med venleg helsing

Gerd Fløde Bjørlo
Dagleg  leiar
Pilegrimssenter Selje
Tlf. 95708798
Epost: selje@pilegrimssenter.no

PILEGRIMSLEDEN
ST. OLAVSVEGENE TIL TRONDHEIM

UNIVERSITETET I BERGEN

Bergen, 15. august 2022

**Kyrkjeleg kultursenter Vest**

Mellomalderklynga er ei av kunnskapsklyngene ved Universitetet i Bergen, og er eit samlande organ for fagmiljø som er spreidde over ulike institusjonar. Klynga arbeider for auka samarbeid, kommunikasjon og kunnskapsutveksling mellom aktørar innanfor mellomalderfeltet i Bergen og vestlandsregionen.

Bjørgvin bispedøme har i ulike samanhengar vore ein naturleg og positiv samarbeidspartnar, ikkje minst i samband med Sunnivafestivalen september 2020, ei feiring av 850-årsjubileet for overføringa av den heilage Sunniva sitt skrin til Bergen i 1170. Med dette arrangementet skapte bispedømmet ein kulturell og fagleg møtestad for brei formidling av kulturhistorie og forsking med god oppslutning. Me har utelukkande gode erfaringar med dette samarbeidet.

Både Universitetet i Bergen og dei andre samarbeidspartnarane i Mellomalderklynga har fagmiljø med fagleg og personleg engasjement for både kyrkjehistorie, klosterhistorie, pilegrimsrørsle og helgenproblematikk, og det er eit stort potensiale for godt samarbeid med Kyrkja også i framtida.

Som fagleg leiar i Mellomalderklynga uttrykkjer eg mi støtte til eit Kyrkjeleg kultursenter på Vestlandet, og ser fram til framtidig samarbeid,

Venleg helsing

Professor Åslaug Ommundsen,

Fagleg leiar i Mellomalderklynga

Universitetet i Bergen
Pb 7800
5020 Bergen
Tlf: 928 66 169
E-post: aslaug.ommundsen@uib.no

BOREALIS

Bergen, 17.08.2022

**Til arbeidsgruppen for etablering av Kirkelig kultursenter Vest**

Borealis er kjent med at det jobbes for å etablere Kirkelig kultursenter Vest, og ønsker hermed å uttrykke vår støtte til dette, og ser gjerne for oss fremtidige samarbeid. Det er særlig delmålsetningen om å 'utvikle samarbeidet mellom kirken og det lokale kunst- og kulturlivet' som er relevant for vår støtte.

Borealis har gjennom alle år, med ujevne mellomrom, samarbeidet og hatt arrangement i flere av kirkene i Bergen, som blant annet Nykirken, Domkirken, Storetveit kirke, St. Jakob og Slettebakken kirke. Samarbeidene har inkludert alt fra storstilte åpningsarrangement med mange hundrede publikummer til sangworkshop for en mindre begrenset gruppe. Vi har presentert konserter, samlinger, workshop, videoverk, utviklingsprogram og samtaler, og har satt pris på dialogen i forkant for å skape et arrangement som ivaretar alles interesser og inviterer inn mange forskjellige publikumsgrupper, som ikke alle har deres vante gang i kirken.

Borealis er en festival for sjangerkryssende musikk og kunst som går over fem dager og finner sted i mars hvert år, i Bergen, siden 2004. Borealis er et sted for eventyrlystne lyttere, som feirer musikk som ikke passer inn i en bås. Vi presenterer nye prosjekter fra Norge og hele verden som presser grensene for hva musikk er og hvordan vi lytter. Borealis inneholder konserter, installasjoner, forestillinger, foredrag og filmer på mange av byens små og større konsertscener, kunstgallerier og kulturarenaer, i tillegg til spesielle arenaer for enkeltprosjekter. Borealis arbeider med nålevende komponister, lydkunstnere, musikere og kunstnere, og samarbeider bredt med andre aktører. I tillegg er Borealis til stede med aktivitet gjennom året, som lytteklubber, mentorprogram og gjestekunstnerordning, og vi jobber for å skape opplevelser og rom som speiler det samfunnet vi lever i - og som samtidig er med på å forme det samfunnet vi ønsker å være en del av i fremtiden. For oss betyr det å jobbe målrettet med å presentere et kjønnsbalansert og mangfoldig program, og sørge for at vi viser frem ulike versjoner av hva det vil si å være fortreffelig. Borealis skal reflektere vårt mangfoldige samfunn, gjennom en bred representasjon innen kjønn, alder, kulturell og etnisk bakgrunn, seksuell identitet, funksjonsvariasjoner, språk og lyttekompetanse, og vi jobber aktivt med dette på, foran og bak scenen.

På vegne av Borealis støttes opprettelsen av Kirkelig kultursenter Vest, og med ønske om mange gode samarbeid.

Vennlig hilsen Tine

Tine Rude
Daglig leder

BOREALIS – en festival for eksperimentell musikk

Strandgaten 207 • 5004 Bergen, NORWAY • post@borealisfestival.no • +47 95 90 53 76 • ORG NR 985 703 167
www.borealisfestival.no

***Til arbeidsgruppen for etablering av kyrkjeleg kultursenter Vest.***

***Hvor er møtepunktet mellom kirke og kultur ?***
***Gjør kunsten nytte, og kan Tro flytte fjell ?***

***Som utøvende kunstner innen teaterfeltet, er det svært gledelig at det er tatt initiativ til å etablere et kyrkjeleg kultursenter vest.***
***Jeg har arbeidet som skuespiller/ formidler/ dramaturg og regissør gjennom en årrekke bla ved Den Nationale scene /Det vestnorske teater/ Riksteateret / Det norske teater.***
***Samarbeidet mellom det profesjonelle kunstfeltet og kirken har et stort utviklingspotensiale, og jeg har tro på at et formalisert kultursenter vil kunne bidra til ytterligere samarbeid mellom ulike aktører.***
***Da jeg dramatiserte Babettes gjestebod for Det vestnorske teater i 2018, startet et arbeid som jeg ikke ante rekkevidden av. Forestillingen har turnert i kirker på Vestlandet, Sogn og Fjordane, Olavsdagene i Trondheim, Oslo og spilles nå igjen på 5 året for fulle hus. Det har vært og er en like stor glede å formidle denne historien for publikum, enten vi befinner oss i en stor katedral eller i et lite bedehus.***
***Jeg har god erfaring fra samarbeid med Bjørgvin bispedømme ved flere anledninger; bla Ordet 2012, Sunniva festivalen i 2019.***
***Jeg har hatt en rekke oppdrag for Bergen Domkirke, senest med urfremføring av «På det store hav me siglar» 2021 og «Spurv i øyet» med Bergen barokkensemble 2018. Olsvik kirke«tankens kraft og hjertets mot» 2021. Fridalen / Årstad kirke med årlige pasjonsprogram mm.***
***Ved Olav Festuken i Trondheim, har jeg vært formidler gjennom programmet Rom for refleksjon fra 2019 .***

***Ut fra faglige og personlige perspektiv, har jeg gjennom flere år sett verdien av et fruktbart samarbeid med kirken. Jeg har svært god erfaring som utøvende kunstner å formidle i kirkerommet. Dette har ofte vært i samarbeid med musikere / kor knyttet til de ulike kirker. Kunstneriske prosesser på tvers av ulike arenaer er en stor inspirasjonskilde som kan åpne opp for nye perspektiv.***
***For meg har kunsten og kirken mye felles i det å skape rom for refleksjon over hva det vil si å være et menneske. Kunst kan nå inn til menneskehjertene og tale til sansene våre på andre måter enn det rasjonelle og forståelige. Gjennom kunstuttrykk, kan det skapes rom som lar det eksistensielle i menneskelivet møte det evige.***
***Jeg har stor tro på at kirken aktivt deltar i kulturlivet og inviterer til samarbeid over tid. Det å arbeide sammen om en felles visjon, der broen mellom kunsten og kirken får et ytterligere sterkt fundament .***

***Ut fra intensjonen med etableringen Kirkelig kultursenter vest, vil jeg med glede bidra til videre samarbeid nå, og i framtiden .***

***Mvh Ragnhild M. Gudbrandsen.***

PILEGRIMSLEDEN

25 ÅR 1997-2022

**Regionalt pilegrimssenter Bergen**

**Bymuseet i Bergen**
Postboks 4052 Sandviken
5835 Bergen

post@bymuseet.no
bymuseet.no

Org.nr. 988 212 024 MVA

BYMUSEET.

Bjørgvin bispedømmekontor
Postboks 1960
5817 Bergen

Bergen, 22.08 2022

**Bekreftelse på interesse om samarbeid i framtiden om Kirkelig Kultursenter Vest**

Vi viser til e-post fra Ragna Sofie Grung Moe, seniorrådgiver – kultur, hos Dere, av 18.mai d.å, om bekreftelse på Deres ønske om at Regionalt pilegrimssenter Bergen- (RPS Bergen) vil vise interesse for samarbeid om Kirkelig Kultursenter Vest.

RPS Bergen er et av de 4 regionale pilegrimssentrene langs Kystpilegrimsleia, og har som formål å bl.a. bidra til fornyelse av utvikling av pilegrimstradisjonen i Norge, og samarbeide med ulike aktører innen satsingsområdene kirke, kultur, næring og miljø.

Blant aktørene innen kirken er Bjørgvin bispedømmekontor. RPS Bergen har hatt et nært og godt samarbeid med Dere helt fra oppstarten av pilegrimssenteret høsten 2020. Og vi har samarbeidet om ulike prosjekter, arrangementer etc., som f.eks. Sunnivafestivalen, Sunnivaseglasen, og Meir Himmel på fjord.

Det bekreftes med dette at RPS Bergen vil være interessert i et fremtidig samarbeid om Kirkelig Kultursenter Vest.

Med vennlig hilsen
For Regionalt pilegrimssenter Bergen

Lauritz Haarr
Daglig leder

# Kyrkjeleg kultursenter vest

*Bekreftelse på ønske om samarbeid*

BERGEN
KIRKEAUTUNNALE

Bergen domkirke menighet er et kirkemusikalsk kraftsenter i Bjørgvin. Med stor og variert aktivitet når vi ut til et bredt publikum. Kormiljøet, med Bergen Domkor i spissen, er aktive både i menigheten og som konserterende ensembler. Konsertserien Bergen Orgelsommer med nasjonale og internasjonale utøvere har vært arrangert i over femti år, og når ut til både publikum lokalt og til turister. Musikkmiljøet for barn og unge vokser og blomstrer i Nykirken og St Jakob kirke. Menigheten har nylig gode erfaringer som visningsrom for moderne kunst, spesifikt gjennom utstillingen av Håkon Gullvågs bilder i Bergen domkirke. Det finnes stort potensiale for videreutvikling av denne typen kunstformidling.

Bergen kirkeautunnale - festival for kirkemusikk, ble etablert 2012 og arrangeres årlig over fem dager i slutten av september. Autunnalen er en viktig arena for tradisjonell og nyskapende kirkekunst i Vestland, med høy kunstnerisk kvalitet og regional kulturverdi. Programmet er solid forankret i den kirkemusikalske arven, samtidig som festivalen legger vekt på å løfte frem nye uttrykk og innovative prosjekter i mange ulike sjangre. Autunnalen når ut til et publikum i alle aldre, og har ambisjoner om å øke antall besøkende.

Bergen kirkeautunnale har som målsetting å

- være den viktigste kirkekulturfestivalen på Vestlandet
- presentere variert kirkekultur av høy kvalitet
- bidra til samarbeid mellom ulike institusjoner og kulturuttrykk
- legge til rette for nyskapende kirkekunst
- bidra til brobygging mellom kirken og det allmenne kulturlivet
- nå et bredt publikum i alle aldersgrupper, ikke minst barn og unge
- arrangere fagdager for kirkelig ansatte
- øke interessen for kirkekulturen
- jobbe for rekruttering til kirkemusikeryrket

Kantorkollegiet i Bergen domkirke menighet er positive til etablering av Kirkelig Kultursenter Vest. I og med menighetens katedraloppdrag har musikerkollegiet og øvrig stab forutsetninger for å kunne bidra til utvikling av senteret. Spesielt tror vi Bergen kirkeautunnale kan spille en rolle, at det finnes et stort potensiale for styrking og synliggjøring av begge institusjonene, og at man kan gjøre dem godt rustet til å ivareta et regionalt ansvar. Vi er kjent med Kirkerådets forutsetninger for tildeling av midler, og stiller oss bak disse.

Med vennlig hilsen

Kjetil A

Kjetil Almenning
Domkantor og festivalsjef

DEN NORSKE KYRKJA
Bjørgvin bispedømeråd

| Sakshandsamar | Arkivkode | Arkivsak | Ugradert |
| --- | --- | --- | --- |
| Ragna Sofie Grung Moe | 633 | 19/03896-12 | |

| Saksnummer | Råd/utvalg | Møtedato |
| --- | --- | --- |
| 51/22 | Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 16.09.2022 |

# Oppretting av Kyrkjeleg kultursenter vest

**Vedlegg:**
Kirkelig kultursenter vest - Rapport med anbefalinger fra arbeidsgruppen
0 Etablering av Kyrkjeleg kultursenter vest - tilråding frå arbeidsgruppe.docx
1 Mandat for arbeidsgruppe kirkelig kultursenter vest.pdf
2 Søknad til Kirkerådet - Kyrkjeleg kultursenter vest.pdf
3 kyrkjemusikarane sitt syn på KKSV 25-3-2021.docx
4 Tildeling av midler til kirkelige kultursentre, kulturmidler 2022 - Kirkelig kultursenter VEST
5 Budsjett kyrkjeleg kultursenter vest.pdf
6 Stadfesting Det vestnorske teateret.pdf
7 Stadfesting om samarbeid - Kirkekunstsamlingen - UiB.pdf
8 Uttale frå Selje regionale pilegrimssenter.pdf
9 Brev Kyrkjeleg kultursenter Vest 2022- Mellomalderklyngen.pdf
10 Støttebrev Kirkelig kultursenter Vest_Borealis.pdf
11 tilråding - Ragnhild Margrethe Gudbrandsen.pdf
12 Bekreftelse fra RPS Bergen om interesse for samarbeid med Kirkelig Kultursenter Vest.pdf
Kirkelig kultursenter vest - Rapport med anbefalinger fra arbeidsgruppen - bekreftelse på ønske om samarbeid
Bekreftelse på ønske om samarbeid KKV

## Saksorientering

### Bakgrunn

Dei folkevalde råda Bergen domkirke menighetsråd, Bergen kirkelige fellesråd og Bjørgvin bispedømeråd oppnemnde i april 2020 ei arbeidsgruppe som har greidd ut behovet og potensialet for etablering av eit «Kyrkjeleg kultursenter vest».
Arbeidsgruppa har hatt ein folkevald og ein tilsett frå kvar av dei tre organa som medlemer. Gruppa legg her fram si tilråding for oppdragsgjevarane.

Kyrkjerådet utlyste våren 2022 tilskotsmidlar, i alt kr 700 000, i etableringsstøtte til kyrkjelege kultursenter, med søknadsfrist 20. mai.  På vegne av sine oppdragsgjevarar, med tydeleg atterhald om manglande vedtak om oppretting, søkte arbeidsgruppa om etableringsbidrag på kr 600 000.

Kyrkjeleg kultursenter vest fekk tildelt kr 550 000 i etableringsstøtte med desse vilkåra:

*«Kirkelig kultursenter Vest tildeles kr. 550.000 under forutsetning av at:*

- *det gjøres nødvendige vedtak høsten 2022 om opprettelse av senteret.*
- *virksomhetsbeskrivelsen tydeliggjør relasjonen til ansvarsområdene som er gitt bispedømmets kulturrådgiver.*
- *senterets profil blir i tråd med det presenterte ønsket fra kirkemusikerne i bispedømmet.*

*Kirkerådet kommer tilbake med informasjon om utbetaling av midlene når vi har mottatt informasjon om at det er gjort vedtak om å opprette Kirkelig kultursenter Vest med tydeliggjøring av virksomhetens relasjon til kulturrådgivers ansvarsområde og en spisset profil for senteret.»*

## Arbeidsgruppa si tilråding:

### *KYRKJELEG KULTURSENTER VEST*
### *skape – dele – inspirere*

**Kva kan eit kyrkjeleg kultursenter væra?**

Kyrkjeleg kultursenter vest skal væra eit nettverk av kompetanse, enkeltmenneske og miljø på Vestlandet, med eit felles ønskje om at kulturlivet må bløme i den lokale kyrkja og at Den norske kyrkja framstår som ein attraktiv og profesjonell aktør innan norsk kulturliv.

Med bakgrunn i landsdelen sine historiske røter i «arven frå vest», internasjonalt samspel mellom nasjonar, mellom by og bygd, det folkelege og det faglege, friviljuge og profesjonelle, skal senteret utvikle ein særskilt metode for mangfald til nytte og inspirasjon for kyrkja nasjonalt.
Nettverket er knytt til bispedømet si kulturrådgjevarstilling og fagkompetansen som ligg i kyrkjemusikarkollegiet. Sjå meir om profil og innhald i vedlegg 0.

**Overordna mål for kultursenteret** [1]

«Kunst- og kulturuttrykk skal vere ein vital del av den lokale kyrkja ved å:

a. la kunst- og kulturuttrykk vide ut forkynninga og opne opp eit rom for tru
b. fremje kyrkja sitt eige arbeid med kyrkjemusikk, kunst og kultur
c. utvikle samarbeidet mellom kyrkja og det lokale kunst- og kulturlivet»

**Korleis kan vi me arbeida?**

1. Byggje nettverk, alliansar og samarbeid mellom kyrkje, kulturliv og andre samfunnsaktørar
2. Initiere tiltak for fagleg utvikling i samarbeid med kunstnarar og kyrkjelydar
3. Formidle kompetanse knytt til kyrkja sitt kulturengasjement til kyrkjelydar og kunst- og kulturmiljø, gjennom seminar, workshops, litteratur, føredrag osv.
4. Skape dialog mellom kunstnarar, kulturarbeidarar, leiarar og fagmiljø
5. Vere ein ressurs for større utoverretta prosjekt/festivalar i bispedømet
6. Andre aktuelle oppgåve kan vera:
   - Etablere nettverk av kyrkjelege kulturskuletilbod
   - Rådgjevartenester: utstyr, lys, lyd, instrument i kyrkjer, samt oversyn over tilgjengeleg utstyr i kyrkjene
   - Distribuere tilbod om aktuelle konserter/aktørar for kyrkjeturne, t.d. sceneproduksjonar, kyrkjekor, kunstnarar, musikarar.

Selskapsform/ organisasjonsform, styring og oppstart

Kyrkjeleg kultursenter vest vert organisert som eit idéelt aksjeselskap med rom for fleire eigarar, t.d. fellesråd og ymse kyrkjekulturelle verksemder. Grunneigarane forpliktar seg ved etablering av aksjeselskapet til å bidra med personell/kulturfaglege ressursar etter evne, (t.d. kulturrådgjevar, kulturleiar, kantorar), kontorfasilitetar, administrativ bistand og økonomisk bidrag. Selskapet skal ikkje sjølv ha tilsette. Dagleg leiar vert tilsett og får kontorplass hjå ein av eigarane. Den tilsette skal ha god kjennskap til kyrkja sitt verdigrunnlag og til arbeid med kultur i kyrkja.

Generalforsamlinga skal, i samråd med ein representant for kyrkjemusikarane i bispedømet og kulturrådgjevar ved bispedømekontoret, oppnemne eit styre innan 20.10.2022.

Styret for senteret bør ikkje representere institusjonar, men bestå av enkeltpersonar med fagleg engasjement, tyngd og erfaring frå kyrkje-musikk, -kunst og -kultur, publikumsutvikling m.m. Kyrkjemusikarane i bispedømet skal ha ein representant i styret.

Arbeidsgruppa tilrår at Bergen domkirke menighet, Bergen kirkelige fellesråd og Bjørgvin bispedøme kvar bidreg med driftsmidlar på 100 000 kr kvart år i etableringsåra 2023-2025. Bjørgvin bispedøme bidreg i tillegg permanent med 20 % kulturrådgjevarressurs.

Stiftsdirektør sine vurderingar

Intensjonane i oppretting av Kirkelig Kultursenter Vest er gode. Stiftsdirektør har likevel nokre betraktningar som rådet må ta stilling til.
Det har vore uklart i prosessen kva eit KKV skal oppfylle av oppgåver som det er etterspurnad på, og som då frigjer ressursar eller utløyser nye ressursar. Framlegget frå arbeidsgruppa er kome lengre på dette, men er svært optimistisk på lista over oppgåver sett opp mot ressursar.
Dette kan skape uro som samarbeidspartnar, når det samstundes ikkje er heilt klart kva økonomi ein har og kva personalressursar ein rår over. Det ligg nokre formuleringar som går på forventningar til eigarane å stille med personell. Mellom anna er fleire av oppgåvene tett opp til det som ligg i Kulturrådgjevarstillinga. Det er i fleire av skriva skrive inn at bispedømet stiller med 20 prosent av denne stillinga inn i prosjektet. Dette er ikkje forankra, og det er det ikkje sikkert at bispedømekontoret kan avsjå som ei fast ordning. Det kan være at det skal være slik, men det må forankrast og avgrensast i tid. Det må og avklarast i arbeidsplanar kva rådgjevar skal prioritere til ei kvar tid. Her vil arbeidsgjevar måtte ta avgjerda på dette.
Det er og noko uklart korleis eit KVL skal samhandle med bispedømerådet sine eigne planar og strategiar. Vi har allereie i dag ei utfordring på at fleire av utvala bispedømerådet har sett ned, utviklar eigne planar og strategiar som dels går på sida av bispedømet sine prioriteringar. Det mest problematiske i dette er at ein pålegg rådgjevar oppgåver som ikkje er forankra i leiinga, og det ligg forventningar om ressursar og økonomi som ligg på sida av dei planane som er prioritert av bispedømerådet.

Det er klokt å opprette eit ideelt aksjeselskap, og at arbeidsgjevaransvaret ligg hos ein av eigarane. Det ligg potensiale i å utvikle dette. Det ligg og nokre områder som ikkje er avklart, men forutsett. Til dømes koplinga kulturrådgjevar og denne stillinga. Dette er eit prosjekt for tre år, der vegen vil syne om dette blir fruktbart.

## Forslag til vedtak

1. Bjørgvin bispedømeråd takkar arbeidsgruppa for saksutgreiinga og sluttar seg til arbeidsgruppa sine tilrådingar om etablering av Kyrkjeleg kultursenter vest.
2. Med atterhald om likelydande vedtak i Bergen kirkelige fellesråd og Bergen domkirke menighetsråd, vedtek Bjørgvin bispedømeråd å etablere Kyrkjeleg kultursenter vest som eit ideelt aksjeselskap.
3. Bjørgvin bispedømeråd oppnemner Biskopen til å representere Bjørgvin bispedømeråd i generalforsmlinga.

4. Bjørgvin bispedømeråd sitt bidrag er tilskot kr 100.000 i årlege budsjetter i 2023-2025 (etableringsfasen). I kva grad ein kan bidra med inntil 20% ressurs av kulturrådgjevarstillinga, må avklarast årleg.
5. Bispedømerådet ber om årleg rapport og ei prosjektevaluering etter tre år. Vidareføring av finansiering må avklarast som eige sak seinast oktober 2025.